

nynorsk • kultursentrum



*Årsmelding og rekneskap
1999*

1. Verksemda

1.1 Føremål

Nynorsk kultursentrum er ei ideell stiftinga med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur, i gjensidig samarbeid med Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda. Stiftinga skal eige og drive den nye nasjonale kulturinstitusjonen Ivar Aasen-tunet som blir opna 22.6.2000. Ivar Aasen-tunet skal vere eit dokumentasjons- og opplevingssenter for nynorsk skriftkultur.

Gjennom eit samspel mellom museums-, utstillings- og språkfagleg ekspertise vil Ivar Aasen-tunet arbeide med blant anna desse oppgåvene:

- Offentleg arena for norsk og nynorsk kultur i alle former
- Basisutstillingar om nynorsk språk og skriftkultur
- Dokumentasjonssenter for nynorsk skriftkultur
- Hovudarena for Dei Nynorske Festspela
- Open profil mot breie brukargrupper som turistar og skuleelevar

Institusjonen skal både arbeide med allmenn styrking av nynorsk skriftkultur, utvikle moderne museumsfunksjonar med vekt på eit IKT-basert dokumentasjonssenter, og bli eit kulturbygg med eit omfattande kulturprogram.

Ivar Aasen-tunet skal bli ein institusjon som

- a) gjer det lettare å vere nynorskbrukar,
- b) gjer nynorskbrukarane stolte av språket sitt,
- c) styrkjer den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane, og
- d) skaper større forståing for nynorsk skriftkultur blant bokmålsbrukarar.

I dette arbeidet er Ivar Aasen-tunet og Dei Nynorske Festspela gjensidig avhengige av kvarandre.

Nynorsk kultursentrum vil spele ei sjølvstendig og kritisk rolle i høve til styresmaktene. I dette ligg at vi vil vere ein aktør i den norske offentlegheita både sentralt, regionalt og lokalt, og på vår måte kritisk og konstruktivt vere med og styrkje den nynorske skriftkulturens plass i det norske samfunnet. Det er ikkje vår oppgåve å utøve noko forvaltningsansvar for det offentlege på arbeidsfeltene våre, men tvert om øve press mot dei som har det ansvaret. Staten har heller ikkje høve til å påleggje institusjonen verken bestemte tiltak eller nokon utøvarfunksjon innanfor norsk språkpolitikk.

1.2 Råd

20 stiftarar står bak Nynorsk kultursentrum. Kvar stiftar oppnemner for to år om gongen ein medlem og ein varamedlem til rådet i Nynorsk kultursentrum.

Arbeidsoppgåvene for rådet er desse:

- Sjå til at stiftinga arbeider i samsvar med føremålet.
- Vedta fråsegner om alle spørsmål som vedrører stiftinga, men ikkje bindande pålegg til styret.

- Oppnemne to styremedlemmer med varamedlemmer til styret i Nynorsk kultursentrum.
- Gjere framlegg til revisor i Nynorsk kultursentrum.
- Oppnemne fire medlemmer til styret i Stiftinga Dei Nynorske Festspela.
- Peike ut leiar og nestleiar for to år om gongen i Stiftinga Dei Nynorske Festspela.
- Oppnemne revisor for Stiftinga Dei Nynorske Festspela.

Desse var med i rådet i 1999 (varamedlemmer i parentes):

Kommunar og fylkeskommunar

- Hordaland fylkeskommune: Aasmund Mjeldheim/Magnar Lussand (Svein Schrøder Amundsen/Mali Grete N. Aksnes)
- Sogn og Fjordane fylkeskommune: Liv Stave (Bernt Kr Holtan)
- Møre og Romsdal fylkeskommune: Per Arne Skomsø (Jofrid Sæbøe)
- Ørsta kommune: Jan Magne Dahle/Ola Perry Saure (Bente Vatne/Thor Nordang)
- Volda kommune: Ingeborg Lyngnes Dahle/Gunnar Strøm (Kai Raaberg/Ingeborg Lyngnes Dahle)

Forskings- og utdanningsinstitusjonar

- Universitetet i Bergen: Oddvar Nes (Jan Oldervoll)
- Universitetet i Oslo: Dagfinn Worren (Eldbjørg Fosseng)
- Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet: Ola Stemshaug (Gunnar Foss)
- Universitetet i Tromsø: Eirik Liland (ikkje oppnemnd)
- Høgskulen i Volda: Odd Monsson (Sveinung Vaage), Torbjørn Urke (Bjarte Alme)
- Møreforsking: Johan Barstad (Reidun Høydal)
- Møre Folkehøgskule: Odd A. Steinvåg (Olav Aasen)

Kulturinstitusjonar

- Det Norske Samlaget: Jostein Nerbøvik (Ottar Grepstad/Eli Fiskvik)
- Det Norske Teatret: Ola E. Bø (Kristin Eikli)
- Sunnmøre Museum: Edvard Molvær (Gunvor Krogsæter)
- Ivar Aasen-museet: Jens Kåre Engeset (Borghild Aasen Lødemel)

Målrørsle

- Landssamanslutninga av nynorskkommunar: Arnfinn Vigrestad (Magne Rommetveit)
- Noregs Mållag: Kristian I. Hanto (Jan Olav Fretland)
- Noregs Ungdomslag: Hallvard Julseth (Randulf Bakken)

- Vestmannalaget: Jostein Krokvik (Svein E. Kvamsdal)

Ordførar i rådet var Kristian I. Hanto. Han blei på årsmøtet 10.9.1999 attvald for to år.

Revisor var Arvid Hovden.

Sekretær var Vidar Høviskeland (til og med 4.7.), Ottar Grepstad (frå og med 5.7.).

Rådet hadde to møte og handsama i alt 18 saker. Dei viktigaste sakene var rammevilkåra for Ivar Aasen-instituttet og spørsmålet om omorganiseringa av Dei Nynorske Festspela. På møte 6.12.1999 vedtok rådet samrøystes å avvikle Stiftinga Dei Nynorske Festspela med verknad frå 1.2.2000, og overføre ansvaret til Stiftinga Nynorsk kultursentrum.

1.3 Styre

Styret i Nynorsk kultursentrum har sju medlemmer med personlege varamedlemmer. Ein av dei sju medlemmene blir valde av dei tilsette. Dette var ikkje gjort i 1999, då det var for få tilsette.

Desse sat i styret i 1999 (varamedlemmer i parentes):

Oppnemnde av Kulturdepartementet

- Narve Bjørge, Bergen, leiar (Arvid Blindheim, Molde)
- Geir Atle Ersland, Bergen (Jens Kåre Engeset, Ørsta, observatør med møterett)
- Tove Bull, Tromsø (Inger Elisabeth Hansen, Oslo/Per Olav Kaldestad, Stord)
- Kristine Landmark, Ålesund (Aagot Gammersvik, Utne)

Valde av rådet

- Kari Bjørke, Oslo, nestleiar (Bente Vatne, Ørsta)
- Jostein Nerbøvik, Volda (Jan Olav Fretland, Lærdal)

Styret gjorde i februar avtale med John Aage Gjestrum som fagkonsulent og utstillingsprodusent. Gjestrum møtte på alle styremøta.

Styret hadde 6 møte og handsama i alt 83 saker. Dei viktigaste sakene var tilsetjingar, finansiering av uteamfiet, planlegging av utstillingar og samla aktivitet for dei komande åra.

1.4 Administrasjon

I 1999 har desse vore fast tilsette i Nynorsk kultursentrum:

- Direktør Ottar Grepstad (frå 5.7)
- Administrasjonssekretær Annvor Ullaland (frå 5.7)
- Formidlingsleiar Eirik Helleve (frå 1.11)

Stillinga som direktør blei lyst ut desember 1998, og styret tilsette direktør i møte 9.2.1999. For alle stillingane blei det gjennomført stillingsintervju. Det blei

etablert ein praksis med skriftleg innstilling frå direktør til styreleiar, som gjorde den formelle tilsetjinga.

Seinhausten 1999 blei tre nye stillingar lyste ut, for tilsetjing i januar 2000.

1.5 Underutval

Arbeidet i brukargruppa heldt fram i 1999. Styret delegerte i 1999 det faglege ansvaret for utstillingane og investeringane i inventar og utstyr under føresetnad av nært samråd og arbeidsdeling med administrasjonen. Det økonomiske ansvaret delegerte styret til direktøren. Gruppa blir oppløyst i samband med opninga 22.6.2000.

I brukargruppa var desse med:

- Jostein Nerbøvik, Volda, leiar
- Liv Hilde Boe, Oslo
- Ola E. Bø, Oslo
- Jan Magne Dahle, Ørsta
- Jens Kåre Engeset, Ørsta
- Jan Olav Fretland, Lærdal
- Ottar Grepstad (frå april 1999)

Sekretær for gruppa var John Aage Gjestrum, Toten.

Gruppa hadde 6 møte og handsama 49 saker. Dei viktigaste saka var utstillingane, dataspelet Dialektspelet og manuskript til ein animasjonsfilm om Ivar Aasen. Gruppa vedtok utstillingsplan 11.9.1999.

1.6 Strategi

Åra 1999 – 2001 utgjer oppbyggingsfasen for institusjonen. I denne fasen effektuerer vi det vedtaket Stortinget gjorde hausten 1995. Frå 2002 reknar vi med å gå over i ein konsolideringsfase.

Den nasjonale kulturinstitusjonen Ivar Aasen-tunet er eit moderne museum med svært vide dokumentasjons- og formidlingsoppgåver, og ein arena for viktige hendingar, tiltak og kunstopplevingar innanfor nynorsk skriftkultur. Institusjonen ber i seg dei viktigaste fellestrekkene for museum, arkiv, bibliotek:

- Forvaltning av materiale som informasjons- og kjeldegrunnlag
- Systematisk dokumentasjon
- Utoverretta informasjonsbehandling
- Sterke og til dels formelle bindingar til utdanning og forskning
- Brukarorientert formidling ut frå folkeopplysingsideologien

Det overordna målet for treårsperioden 2001–2003 er å sikre den nasjonale kulturinstitusjonen lokalt fotfeste, nasjonal tyngd og internasjonale nettverk.

1.7 Tiltak

Arbeidet på byggeplassen for nybygget tok til etter planen 1.3.1999. Byggherre var Statsbygg, med Veidekke som hovudentreprenør. Nynorsk kultursentrum har via

administrasjonen hatt jamleg og god kontakt med arkitekt, byggherre og hovudentreprenør. Det første byggjemøtet blei halde 18.3. Nynorsk kultursentrum har berre vore representert på dette første byggjemøtet, og har ikkje ønskt å få referat frå møta.

Nynorsk kultursentrum gjorde 10.3.1999 avtale med Sunnmøre Museum og Ivar Aasen-museet om at eigedomen Ivar Aasen-tunet blir bortfesta til Nynorsk kultursentrum vederlagsfritt for femti år. Eigedomen omfattar det noverande museet, det såkalla steinhuset, og sjølv tomte i det gamle Aasen-tunet. Avtalen inneber også at gjenstandssamlinga i Aasen-museet blir deponert vederlagsfritt i fem år. Då vil Sunnmøre Museum vurdere ei permanent overdraging.

Eitt av bygga i Aasen-tunet, smia, fekk nytt tak i 1999 for å sikre huset for framtida.

Nynorsk kultursentrum fekk fleire gåver til samlingane i Ivar Aasen-tunet.

Nynorsk kultursentrum teikna seg våren 1999 som støttestiftar i Stiftinga Garborg-året 2001 med kr 10 000.

Administrasjonen utforma ein omfattande arkivnøkkel for både papirarkiv, som er hovudarkivet, og for elektronisk arkiv. Fleire sentrale kontorrutinar blei etablerte.

Administrasjonen bygde opp eit adresseregister som ved årsskiftet inneheldt 2800 adresser, sortert på føremålstenlege undergrupper og med stor fleksibilitet.

Lukka konkurranse om logo for stifting og institusjon blei gjennomført hausten 1999. Styret vedtok 29.11.1999 å gi oppdraget med eit samla profilprogram til byrået I+M i Ålesund.

Med ein målretta og konsentrert medieregi prioriterte administrasjonen i 1999 tiltak som kunne auke den lokale velviljen. Arbeidet har alt gitt tydelege resultat, men enno finst der skepsis som må overvinnast. Meldingsbladet *Symra* blei gitt ut i to nummer, spreidd til alle adressene i registeret.

Fleire planleggings- og utgreiingsarbeid om det framtidige program- og aktivitetstilbodet blei sette i gang, både for allmenne målgrupper og for målgruppa 1.-10. klasse.

Styret vedtok at den som er ansvarleg for drifta av kafeen i nybygget, får høve til å søkje om skjenkeløyve for arrangement på kveldstid og for lukka selskap.

1.8 Resultat

1999 var eit markert vendepunkt i arbeidet med å realisere Ivar Aasen-tunet. Dette året såg vi resultatet av det store dugnadsarbeidet som har vore utført gjennom ti år. Dei første fast tilsette medarbeidarane tok til i stillingane sine, byggjearbeidet tok til, og arbeidet med utstillingane i nybygget gjekk over i ein ny fase.

Attraktiv arbeidsplass

På dei tre stillingane som blei lyste ut i 1999, kom det over 60 søknader. Ivar Aasen-tunet har framstått som ein attraktiv arbeidsplass for svært kompetente søkjarar til alle stillingane. Institusjonen representerer bygdeutvikling i praksis.

Langtidsplanlegging

Trass i det store tidspresset har administrasjonen kome svært langt i ei planlegging av aktivitetar som peikar forbi det viktige opningsåret og mot det kanskje like viktige andreåret.

Framdrift

Både gjennom Brukargruppa og den nye administrasjonen har stiftinga hatt eit godt og nært samarbeid med arkitekt Sverre Fehn, Statsbygg og hovudentreprenør. Vi har frå vår side prioritert detaljplanlegging av utstillingar og publikumsretta aktivitetar.

Økonomistyring

Styre og administrasjon har lagt avgjerande vekt på gode styringsreiskapar for drift og investering. Vi har gjort skriftlege avtalar med alle dei større leverandørane av tenester og utstyr.

Marknadsføring

Vi har jamleg kunna gi positive meldingar til omverda om verksemd, planar og tiltak, og den til tider nokså sterke lokale skepsisen synest no å snu. Med dei første tilsetjingane av faste medarbeidarar fekk arbeidet med Ivar Aasen-tunet eit nytt momentum. Logokonkurransen munnar ut i eit samla grafisk profilprogram april 2000.

Effektivisering

Den nye planløysinga for oppvask, kjøkken og kafé inneber ein viss meirkostnad som vi må dekkje inn ved å gi avkall på enkelte andre planar under investeringsbudsjettet. Endringane reduserer driftskostnadene og effektiviserer drifta, og set oss i stand til å halde det nivået på kafédrifta som marknaden tilseier.

Geografisk spreining

På mange stader i landet blei det i 1999 arbeidd med prosjekt som skal brukast i det nye Ivar Aasen-tunet. Særleg viktige aktørar er Medieoperatørene (Oslo), Studio Magica (Oslo), Senter for livslang læring (Lillehammer), utstillingsprodusent John Aage Gjestrum (Toten). Medarbeidarane som blei tilsette i 1999, har si viktigaste yrkeserfaring frå Oslo, Voss og Volda. Slik blir Ivar Aasen-tunet ein nasjonal institusjon også i dette perspektivet.

2. Vidare drift

Grunnfondskapitalen er på kr 220 000. Denne kapitalen står urørt på renteberande, sperra konto i Volda og Ørsta Sparebank.

Likviditeten har i heile 1999 vore tilfredsstillande.

Vidare drift er lagd til grunn for rekneskapen for 1999.

3. Arbeidsmiljø

Nynorsk kultursentrum leide kontorhjelpe hos Landssamanslutninga av nynorskkommunar i Oslo frå 1.1 til og med 30.6. Frå og med 5.7 leigde Nynorsk kultursentrum lokale i lettbygget ved Høgskulen i Volda, med kontor og møterom, og med alle tekniske fasilitetar. Desse kontora har vore svært tilfredsstillande.

Styret godkjende i møte 18.10.1999 rammene for eit arbeidsreglement for dei tilsette. Direktøren fullførte dokumentet i samråd med dei tilsette. Reglementet blei gjort gjeldande frå og med 2.1.2000.

Styret vedtok 7.4 å søkje om medlemsskap for Nynorsk kultursentrum i Statens pensjonskasse. Søknaden fekk eit positivt svar vinteren 2000. Medlemsskapet verkar frå 1.11.1999.

Det samla sjukefråværet for fast tilsette har vore 2 arbeidsdagar. Dette utgjer 7 promille av den samla arbeidstida for fast tilsette i rekneskapsåret.

Det har ikkje vore nokon skader eller ulykker i meldingsperioden.

4. Ytre miljø

Verksemda til Nynorsk kultursentrum er vanleg kontordrift, og fell difor innanfor det lova om forureining tillet. Verksemda har ikkje skadd eller påverka det ytre miljøet i 1999. Sjøppel frå kontordrifta har vore sortert i papir og ikkje-papir. Nynorsk kultursentrum har i 1999 ikkje levert produkt som kan skape noko miljøproblem.

5. Rekneskap

5.1 Drift

Dei kritiske suksessfaktorane i 1999 var desse:

- Storleiken på det statlege driftstilskottet.
- Tilsetjinga av direktør og andre medarbeidarar.
- Planlegginga av opning og drift.
- Planlegging og utforming av basisutstillingane i nybygget.

Nynorsk kultursentrum fekk eit statstilskot frå Kulturdepartementet som var i samsvar med søknadssummen. Med denne løyvinga kunne styret gjere dei første tilsetjingane i faste stillingar. Med det kom planlegginga av opning og drift inn i fastare former. Samstundes blei det både i brukargruppa og den nye administrasjonen arbeidd målretta vidare med planlegging og utforming av basisutstillingane i nybygget.

5.2 Investeringsstilskott

Nynorsk kultursentrum fekk etter eige initiativ råderetten over 8,4 mill kr av byggjebudsjettet frå Kulturdepartementet. Summen skal dekkje investeringane i basisutstillingar, inventar og utstyr. 3,1 mill kr blei overførte i 1999.

Rapporteringsrutinar er avtalte med departementet, og styret vedtok hausten 1999 styringsverktøy som skal sikre god økonomistyring og klar arbeidsfordeling.

5.3 Amfi

Nynorsk kultursentrum gjorde i 1999 avtale med Statsbygg om bygging av nytt uteamfi, i samsvar med teikningar frå professor arkitekt Sverre Fehn. Avtalen inneber at Statsbygg er byggherre, og at amfiet skal stå ferdig seinast 1.6.2000. Byggjesummen var i utgangspunktet avtalefesta til 2 074 000 kr. Etter seinare endringar reknar vi med at byggjesummen vil bli redusert med minst 200 000 kr. Takløyasing og scene er ikkje inkludert i denne summen.

Etter avtale med Tusenårsskiftet Norge 2000 blei eit tilskottstilsegn på 500 000 kr frå Tusenårsskiftet øyremerkt til bygginga av amfiet. Også eit tilskot frå Norsk kulturråd på 600 000 kr blir disponert til dette prosjektet. Nynorsk kultursentrum gjorde hausten 1999 avtale med Norsk Plan Nynett v/Einar Schibevaag om arbeid med å skaffe sponsoravtalar som kan finansiere resten av amfiet. Ved årsskiftet var dette arbeidet i god gjenge.

5.4 Balanse og likviditet

Likviditeten var god i heile 1999.

6. Utvikling i framtida

6.1 Ivar Aasen-tunet

Ein nødvendig føresetnad for eit vellykka driftsår i det krevjande opningsåret 2000 var at det statlege driftstilskottet var så stort at i alt åtte av planlagt 11 medarbeidarar kunne vere på plass før opninga, med tilhøyrande økonomisk handlingsrom for planlagde aktivitetar. Den 4.10.1999 la regjeringa Bondevik fram eit statsbudsjett med framlegg om å løyve 2,9 mill kr til Nynorsk kultursentrum. Dette var eit framlegg som kunne få katastrofale følgjer. Resultatet av politisk arbeid både frå styret og administrasjonen, og frå anna hald, var at regjeringa 5.11 la fram ein tilleggsproposisjon til sitt eige statsbudsjett med framlegg om å auke løyvinga med 1,4 mill kr. Dette var tilfredsstillande for drifta i 2000.

I arbeidet med investeringane i utstillingar, inventar og utstyr har vi lagt stor vekt på å få til fleksible løysingar i store delar av utstillinga, og praktiske løysingar på inventarsida. Dette medførte m.a. ei justering av byggjeplanane for kjøkkenregionen som effektiviserer drifta.

6.2 Museums- og opplevingscenterbransjen

Administrasjonen har i meldingsåret knytt kontaktar med ei rekkje institusjonar i ulike delar av landet. Dette opnar for utveksling av erfaringstal og gjer det lett å søkje råd om viktige spørsmål.

Regjeringa Bondevik la 17.12.1999 fram *St.meld. nr. 22 (1999–2000) Kjelder til kunnskap og oppleving*. I denne meldinga om arkiv, bibliotek og museum dreg regjeringa opp ei rekkje framtidsperspektiv på utviklinga av den typen institusjonar som Aasen-tunet skal vere. Svært mange av dei utfordringane regjeringa identifiserer og vurderer, er det teke høgd for i det omfattande strategi- og planleggingsarbeidet som er blitt utført både i 1999 og tidlegare.

6.3 Situasjonen for nynorsk skriftkultur

Det skjedde ingen dramatiske endringar i rammevilkåra for nynorskbrukarane i 1999, men denne skriftkulturen er under eit klart press både i kjerneområda og andre stader. Respekten for nynorsk skriftkultur er større enn for nokre tiår sidan, men i kvardagen støyter mang ein nynorskbrukar på praktiske hindringar. Mållova blir berre delvis følgd, og omorganiseringa i det offentlege har skapt ei aukande gråsone med uvisse om mållova gjeld eller ikkje.

På området massemedia blei pressestøtta redusert for andre året på rad. Dette har skapt vanskar for fleire lokalaviser som er redigerte på nynorsk. Fleire nynorske bøker gjekk i store opplag i 1999, og nynorskforfattarar vann dermed nye lesarar. Og i TV2 var nynorsk eit trygt etablert språk i nyheitssendingane.

Utfordringane for nynorsk skriftkultur er mange:

Noka omfattande, kritisk utgreiing om språk, kultur og makt har ikkje vore gjort i Noreg sidan 1960-åra, då Berge Furre leidde eit slikt arbeid. Ei slik ny utgreiing trengst no for å kunne identifisere behov og gjere dei gode prioriteringane.

Kvart tiår har hatt sine store kulturpolitiske reformer til fordel for nynorsk skriftkultur. I 1980-åra var nybygget til Det Norske Teatret ei slik reform, liksom realiseringa av Ivar Aasen-tunet var det i 1990-åra. Institusjonane si rolle endrar seg i samfunnet, men vi kjem ikkje bort frå at det trengst tunge, institusjonelle reformer også i framtida. Berre institusjonar som har nynorsk skriftkultur som ei øyremerkte oppgåve, vil følgje opp dei språk- og kulturpolitiske forpliktingane over tid og styrkje denne skriftkulturen. Desse reformene må særleg ta sikte på å halde ved like og styrkje bruken av nynorsk i dei såkalla kjerneområda, slik at nynorsken kan halde på det fotfestet den har fått.

Vi ser desse prioriterte oppgåvene i arbeidet for å styrkje nynorsk skriftkultur dei komande åra:

1. Språkleg jamstelling i praksis i informasjonsteknologien
2. Nynorsk som bruksspråk for ungdom på Internett
3. Betre sidemålsundervisning på nynorsk
4. Elektronisk oppslagsverk på nynorsk
5. Standard-dokument for forvaltning og næringsliv

7. Disponering av resultat

Årsoverskotet på kr 213 000 går til å dekkje tidlegare udekt underskot.

Volda, 31. desember 1999/6. april 2000

Narve Bjørgo
leiar

Kari Bjørke

Geir Atle Ersland

Olaug Husabø

Kristine Landmark

Jostein Nerbøvik

Ottar Grepstad
direktør

